

Flora Venstre v/ Elisabeth Norman
Havrenesveien 7a
6900 Florø
Tlf 577-40067/ 93858533

NÆRSJUKEHUSET I FLORA KOMMUNE

Fredag 26. oktober 2007 vedtek eitt samrøystes styre i Helse Førde å leggje ned sengepostane ved nærsjukehuset i Flora. Den polikliniske aktiviteten skal fortsetje.

I Firda laurdag 27. oktober les vi at Herlof Nilsen, administrerande direktør i Helse Vest meiner at nærsjukehuset ikkje har fungert etter intensjonane korkje kvalitetsmessig eller med betaling frå Bremanger kommune. ***Kvifor er det slik spør vi oss?***

SINTEF si evaluering av nærsjukehuset i 2006 har som hovudkonklusjon at det er for tidleg å felle dom over nærsjukehuset. Usemje om nærsjukehusets innhald og betingelsane for drift blei synlege allereie frå fyrste dag nærsjukehuset var i drift 1. januar 2005. Usemja har prega heile prosessen frå unnfanginga i 2001/2002. I forkant av etableringa blei det påvist overkapasitet i foretaket HF innan kirurgi, indremedisin, ortopedi og føde. Altså ikkje dei pasientgruppene som eit nærsjukehus skal behandle! (eldre, kronikarar, observasjonspasientar, smertepasientar, rehabiliteringspasientar, døyande m.fl.)

SINTEF hevdar at målformuleringa for nærsjukehuset har vore for uklar, prosjektet har fått for dårleg oppfølging, kommunikasjonen har vore for dårleg, ansvarsforhalda har vore for uklare og medarbeidarane har blitt for dårleg inkluderte i prosessen. Altså klassiske feil i ein omstillingsprosess.

SINTEF påpeikar også at eit slikt pilotprosjekt burde ha eigne ressursråmer i ei avgrensa periode med tid. Eit nærsjukehus, ***eit nasjonalt pilotprosjekt med overføringsverdi til andre helseforetak*** burde ha vore delfinansiert frå departementet si side. Helse Førde har som eigar og driftsansvarleg verken vist vilje til nyskaping eller kunnskapsproduksjon i nærsjukehuset. Ifølgje SINTEF er det urimelig at eit slikt prosjekt skal videreførast berre på verbal støtte frå departementet og eit lokalt engasjement frå Flora kommune.

Finansieringsmodellen til nærsjukehuset har ikkje fungert. Finansiering frå 2 "fattige" kommunar (Flora og Bremanger) og eit hardt pressa Helse Førde med 100 millionar i innsparingskrav resulterer no i at nærsjukehuset kan verte nedlagt.

Slik vi har tolka signala frå statsråden- og frå Helse Vest (før meldinga på lokalradio den 26. oktober) skal nærsjukehuset ikkje leggjast ned. Dei overordna politiske føringane skal følgjast. Det har som konsekvens: . Nærsjukehuset som konsept må då løftast opp som eige

prosjekt med eiga prosjektleiing, eit klårt mandat og eigne økonomiske rammer. Kva er eit nærsjukehus? Kva tjenestetilbod og innhald skal eit nærsjukehus ha?

Når det gjeld innhald i sjukehuset har det vore ei uttalt målsetjing at det skal gje eit helsetenestetilbod som ligg i skjæringspunktet mellom primærhelsetjenesta og behandling på spesialisthelsetjenestenivå. Nærsjukehuset kan slik tenkjast å fungere som ein 1.5 linjeteneste. Det trur vi i Venstre er særdeles framtidsretta og i tråd med nasjonale føringar. Eit nærsjukehus kan tenkjast å behandle mellom anna rehabiliteringspasientar, alderspsykiatriske pasientar, smertepasientar, observasjonspasientar, terminale og akutt sjuke eldre som kommunehelsetenesta ikkje spesialkompetanse, utstyr eller høg nok bemanning til å behandle. Nærsjukehuset i Flora har også utmerka kompetanse kva gjeld livsstil- og mestring.

Ei nedleggjing av nærsjukehuset vil ramme mellom anna eldre , kronisk sjuke og rehabiliteringspasientar, det vil sei høgt prioriterte pasientgrupper jamfør Lønning 1 og 2 utvala. Det tykkjer vi er sær uheldig.

Vi spør også om realismen i innsparingspotensialet slik som Helse Førde har vurdert det ved ei nedleggjing av nærsjukehuset.

Flora Venstre vil arbeide for at nærsjukehuset som nasjonalt pilotprosjekt vil ha moglegheit til å bli slik intensjonen var. Når det gjeld styret og administrasjonen i Helse Førde har vi følgjande synspunkt: det er vesentleg at personar som innehar forvaltningsstillingar har relevant kunnskap og kompetanse til å fylle desse stillingane. Ein må mellom anna forstå si rolle som iverksettar- og respektere overordna vedtak. Vi trur at helseminister Sylvia Brustad må gripe direkte inn i høve til dei ovanfor nemnde saker.

På vegne av Flora Venstre

Elisabeth Norman

Kopi: Clara Øberg, styreleiar Helse Førde, Gunvald Ludvigsen, stortingsrepresentant Venstre, Dagfinn Høybråten, stortingsrepresentant KrF, Herlof Nilssen adm. Dir Helse Vest, Oddvar Nilsen , styreleiar Helse Vest, Ordfører Flora kommune Bente Frøyen Steindal, Sogn og Fjordane Venstre v/ Marit Krogseter